

Saksbehandlar: Kristin Arnestad  
 Avdeling: Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 13/6046-4

---

## Reduksjon av budsjett 2014 som følge av redusert ramme frå Kap. 551, post 60

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:  
 Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
 Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Budsjett 2014, vedtatt av fylkestinget i sak 55/13, blir redusert med 5,6 mill. kr (regionale utviklingsmidlar). Reduksjonen vert fordelt slik:

Reduksjon plan og næring	2014
<u>Programområde 700</u>	
Tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar (reiseliv)	- 400 000
Tenesteområde 7005 – nyskaping (kommunale næringsfond)	- 1 000 000
<u>Programområde 715</u>	
Tenesteområde 7152 – lokalt plan og utviklingsarbeid (småkommuneprogrammet)	- 2 400 000

Reduksjon samferdsle	2014
<u>Programområde 722</u>	
Tenesteområde 7222 – fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto)	- 1 800 000

2. Vedtaket blir gjort i tråd med kommunelova § 13 og fylkeskommunen sitt delegeringsreglement som opnar for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i hastesaker.

Andre dokument som ikkje ligg ved:  
 Budsjett 2014/Økonomiplan 2014-2017

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

#### **Bakgrunn for at saka er reist - redusert ramme frå Kap. 551, post 60**

Vi har no mottatt tilsegnsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for Kap. 551, post 60 – tilskot til fylkeskommunar – regional utvikling for 2014. Dette viser at vi får 74,4 mill. kr. Dette er 5,6 mill. kr. mindre enn føresett i fylkestinget sitt budsjett for 2014.

#### **Problemanalyse - avgjerd**

Budsjettet blei vedteke av fylkestinget i desember 2013. Det er fylkestinget som i utgangspunktet kan gjere endringar i budsjettvedtaket. Kommunelova § 13, og fylkeskommunen sitt eige delegeringsreglement, opnar likevel for at fylkesutvalet kan ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget. Dette gjeld når det er naudsynst at det vert teke avgjerd så snart at det ikkje er høve til å kalle saman fylkestinget. Det vil skape utfordringar både for fylkeskommunen og for eksterne partar dersom endeleg budsjettet ikkje kan avklarast no. Fylkesrådmannen legg difor opp til at nemnde regel her bør kunne nyttast.

#### **Føringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

I tilsegnsbrevet for Kap. 551, post 60, har regjeringa teke inn ei formulering om at bedriftsretta tiltak med føremål å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping vert prioritert. Innsatsen skal særleg prioriterast mot entreprenørskap og innovasjon, og tiltak retta mot næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og nærings- og innovasjonsmiljø.

Skjønnsstilskot til kommunale næringsfond og småkommuneprogrammet er teke vekk. Departementet skriv at dette ikkje skal forståast slik at dette ikkje er viktige verkemiddel. Fylkeskommunane bestemmer no sjølv ramma til kommunane.

### 2. Vurdering

#### **Tilnærming**

I tilleggsproposisjonen blei posten «opprusting og fornying av fylkesvegar» styrka. For Sogn og Fjordane sin del utgjorde auken 20 mill. kr. Denne styrkinga blei i hovudsak finansiert ved å redusere midlane frå KMD. Dei nemnde vegmidlane blei tildelt som ein del av rammetilskotet og er såleis frie midlar.

Reduksjonen i posten «tilskot til fylkeskommunar - regional utvikling» resulterte i at finansutvalet i utgangspunktet vedtok å redusere sektoren plan og næring tilsvarande. Det vart samstundes lagt opp til at frigjorde midlar vidare i budsjettprosessen vart kanalisert mot plan og næring for å bøte på noko av dette kuttet.

Fylkestinget følgde den regjeringa sitt opplegg, og gjorde ikkje om fordelinga mellom samferdsle og regional utvikling. I budsjettoppdraget vedtatt av fylkestinget blei såleis heile auken knytt til fylkesvegar lagt til samferdsleramma.

Når budsjettet no må reduserast med ytterlegare 5,6 mill. kr. meiner fylkesrådmannen vi må sjå på kvar i budsjettet reduksjonane får minst konsekvensar.

Fylkesrådmannen rår difor til ei løysing der reduksjonen blir fordelt mellom sektoren plan og næring og sektoren samferdsle.

## **Sektoren plan og næring**

Sektoren måtte ta ein større reduksjon i budsjettet for 2014. For 2014 ligg det inne mykje bindingar på sektoren. Det er såleis ikkje mykje midlar forvalta av fylkeskommunen sjølv. I framlegg til reduksjon har fylkesrådmannen teke utgangspunkt i dei tenesteområda der det er midlar utan bindingar.

Innan næringsutvikling er det føresett at bedriftsretta innsats blir prioritert. Kommunale næringsfond og Innovasjon Norge er den direkte bedriftsretta innsatsen vår. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å i størst mogleg grad skjerme desse områda.

### Reiseliv

Det står 0,8 mill. kr. til båtrutesatsing på Sognefjorden i budsjettet. HPN har fått fullmakt til å vurdere dette tilskotet. Det blei gitt tilskot til to båtrutetilbod (Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden), men no ser vi at berre den eine ruta vert sett opp i 2014. Det er såleis trong for 0,4 mill. kr. til Fjærlandsfjorden, medan 0,4 mill. kr. er disponible.

### Kommunale næringsfond

Det er sett av 15,63 mill. kr. i kommunale næringsfond, noko som var eit kutt på 3 mill. kr. før budsjettvedtaket. Midlane er ein viktig del av den bedriftsretta innsatsen, og sentrale for at kommunane skal ta rolla si som støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv. Ein mindre reduksjon vil likevel føre til små summar for den einskilde kommune. Sidan det er lite rom for reduksjon andre stader, ser fylkesrådmannen seg nøydd til å føreslå ein reduksjon på 1 mill. kr. til kommunale næringsfond.

### Omstilling

I budsjettet ligg det inne ein relativ stor reduksjon på omstilling, som aukar utover i planperioden. Tildelingsbrevet legg opp til eit skjønnskott på 10 mill. kr. Dette samsvarar med avgått regjering sitt framlegg.

I budsjettet har vi lagt inn 7,057 mill. kr. og fylkesrådmannen rår til å halde på denne summen då midlane frå KMD ikkje er øymerka og kan omprioriterast.

### Småkommuneprogrammet

I førre regjering sitt budsjett låg eit skjønnskott på 2,4 mill. kr. til småkommuneprogrammet. I tilsegnsbrevet er dette skjønnskottet fjerna. Det er framleis mogleg å vere med i satsinga, men då må fylkeskommunane prioritere å sette av midlar sjølv. Satsinga starta i 2013, og dei to kommunane som er med er ikkje kome så langt i arbeidet. Sjølv om dette kunne vore eit nyttig arbeid, finn fylkesrådmannen ikkje rom for å prioritere midlar til dette arbeidet vidare.

## **Sektoren samferdsle**

### Fylkesveggar - drift og vedlikehald

Tenesteområde fylkesveggar drift og vedlikehald blei auka med 20 mill. kr. som følge av at regjeringa omprioriterte midlar mellom regional utvikling og samferdsle. Midlane er tildelt som rammetilskot, og er såleis frie midlar. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at ein mindre reduksjon innan samferdslektoren må kunne takast på dette området (1,8 mill.kr).

## **3. Konklusjon og tilråding**

Budsjett 2014 vedtatt av fylkestinget i sak 55/13 må reduserast med 5,6 mill. kr. grunna rammeløyving frå Statsbudsjettet kap. 551, post 60 som er lågare enn det som vart lagt til grunn i budsjettvedtaket. Fylkesrådmannen rår til at reduksjonen vert fordelt slik tilrådinga til vedtak legg opp til. Det vert vidare føresett at summen til omstilling i budsjettvedtaket blir ståande og ikkje følgjer skjønnskottet.